

HERØY  
kommune



# Herøyskulen 2023 – 2028

*Strategi for kvalitet i grunnskulen*



EI BÅTLENGD FØRE

---

«Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.»

(Formålsparagrafen)

### **Medverknad (kven har delteke i planarbeidet):**

Rektorane peika ut sine representantar – Frode Huru, Åse Bårdsnes Dypvik og Helge Hamre

Oppvekstkontoret ved Hilde Beate Hestås og Brit-Synnøve Torvik

Alle skulane har hatt fokusområda til Høyring og innspel

Utdanningsforbundet fekk den til høyring og takka nei til innspel

KFU har hatt fokusområda til høyring og moglegheit til å få innspel i eige FAU

Komite for kultur og oppvekst har hatt planen til innspel

---

# Innleiing/Føreord

Opplæringa i skulen byggjer på Opplæringslova og forskrifter, nasjonale læreplanar og overordna del av læreplanverket.

Verdiane som er nedfelt her, utgjer sjølv grunnlaget for skulen si verksemd. Menneskeverdet vert sett høgt, like eins utvikling av kritisk tenking og etisk bevisstheit, skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Skulen skal også bidra til respekt for naturen og miljøet, og vektlegge demokrati og medverknad.

Formålsparagrafen uttrykkjer verdiane alle skular i landet skal samle seg om, og som er sjølv grunnmuren i skulen si verksemd. Verdiane er grunnlaget for demokratiet, og skal hjelpe alle til å leve, lære og arbeide saman i ei kompleks samtid og i møte med ei ukjend framtid.

Barn og unge som veks opp og går på skule i Herøy, skal ha eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Dei skal trivast og oppleve meistring og læring.

Innhaldet i skulen skal legge til rette for fagleg utvikling, som gjer at elevane kjem seg vidare i utdanningsløpet, og når draumane og måla sine.

Dei som veks opp i kommunen vår, utgjer ein viktig ressurs for framtida – både i yrkes- og samfunnsliv. Det må vere eit mål at dei kjenner identitet til heimplassen, slik at dei seinare har lyst å busetje seg her. Skulen har ei viktig rolle i dette, gjennom å samarbeide med næringsliv, lag og organisasjonar, og bruke dei lokale ressursane vi omgir oss med i kommunen vår.

Ein inkluderande skule – der alle får oppleve å høyre til i eit fellesskap – er ein viktig føresetnad for læring og utvikling. For å lykkast med å skape eit fellesskap for alle, må det arbeidast tverrfagleg. Alle fagavdelingar er med både i førebygging og tiltak til barn og unge som treng ekstra oppfølging og støtte.

Skulen har både eit danningssoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Begge deler er viktig, og heng saman. Opplæringa skal gi elevane eit godt grunnlag og utgangspunkt for deltaking på alle område innanfor utdanning-, arbeids- og samfunnsliv. Samtidig skal opplæringa danne heile menneske, og gi høve til utvikling av evnene sine og gjere gode val i livet. Danning skjer gjennom alle aktivitetar, og i relasjon med andre menneske.

Strategiplanen for Herøyskulen byggjer på kommunen sin samfunnsplan, og tek elles utgangspunkt i overordna nasjonale styringsdokument. Samtidig viser planen ei klar retning for arbeidet i skulane våre, på dei områda der vi ser størst behov for å rette innsatsen no og dei næraste åra.





---

# Innhold

Innleiing/Føreord	3
Innhold	5
1. Målsettingar	6
2. Føringar	6
3. Fokusområder og utviklingsarbeid 2022-2026	7
4. Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling	12



---

# 1. Målsettingar

Strategiplanen formulerer desse målsetjingane for arbeidet i skulane:

- Elevane skal ha det trygt og godt i skule og SFO
- Elevane skal få god og tilpassa opplæring som møter deira behov
- Elevane skal få lære gjennom å vere kreative, skapande og utforskande
- Elevane skal få høve til å yte sitt beste innanfor rammene av skulefelleskapet
- Skulane skal samarbeide tett med føresette, arbeidsliv og lokalsamfunn
- Dei tilsette ved skulane skal danne profesjonelle læringsfelleskap som saman utviklar Herøyskulen

Fokusområda som er valt ut for utviklingsarbeid og satsing dei komande 5 åra er forankra i behov

## 2. Føringer

### 2.1. Nasjonale føringer

Lovverk og overordna føringer:

[Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæring](#)

[Formålsparagrafen](#)

[Forskrift til opplæringslova](#)

[Overordna del av læreplanverket](#)

[Læreplanane i fag](#)

### 2.2. Kommunale føringer

**Visjon:** «Herøyskulen - ein los i leia»

Vårt største ønskje er å legge til rette for at barn og unge skal utvikle seg til å bli trygge og vel-fungerande. At dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, og bygger verdiar og haldningar som fører dei på rett veg. Dei tilsette i Herøyskulen skal lose barn og unge i Herøy gjennom fagleg og sosial utvikling som gjer at dei har eit godt grunnlag for utdanning, arbeid og vaksenliv.

**Herøy kommune sine overordna verdiar:** respekt – tillit og samhandling.

Herøy kommune sine overordna verdiar skal prege arbeidet vi gjer i Herøyskulen. Vi legg vinn på å skape gode relasjonar mellom alle partar i skulen. Slik at tilsette, heimar og elevar møter kvarandre med respekt og tillit og samhandlar godt til det beste for alle elevar si utvikling.



---

## 3. Fokusområde og utviklingsarbeid 2023–2028

Fokusområda som er valt ut for utviklingsarbeid og satsing dei komande 5 åra er forankra i behov som skulane har meldt inn og føringar frå statleg hald, i form av stortingsmeldingar og framlegg til ny opplæringslov som skal verke frå august 2024.

Fokusområda er områder som vi ser at vi må halde fram med å jobbe godt med, eller område vi ser at vi treng å forbetre og utvikle. Ein strategiplan seier ikkje kvar vi er i dag, men i kva retning vi ønskjer å bevege oss i løpet av planperioden.

Herøyskulen har jobba grundig og godt med elevmiljø sidan §9A i opplæringslova fekk endring frå vedtaksplikt til aktivitetsplikt. Likevel vel vi å setje dette som vårt første fokusområde fordi behovet for å ha det trygt og godt er grunnleggande for all læring.

Samfunnet er i stadig raskare endring, og vi må leggje til rette for at våre barn skal greie å følge med. Fokusområde 2 er valgt med bakgrunn i eit behov for at skule og opplæring skal legge eit godt grunnlag for å gjere gode val i utdanninga vidare i livet. Samarbeid med lokalt næringsliv er avgjerande for å skaffe kvalifisert arbeidskraft til Herøysamfunnet i framtida og hjelpe ungdommane til å sjå muligheiter for ei framtid i Herøy.

Inkluderande undervising er eit omgrep som vert framheva i stortingsmelding 6 «Tett på tidleg innsats» og framlegg til ny opplæringslov. Herøysamfunnet har eit spanande mangfald av menneske, som alle skal få høve til å verte så gode som dei kan ut frå sine føresetnader. Vi ser at vi framover mot implementering av ny opplæringslov, må ha fokus på å lære og ta i bruk undervisningsmetodar og organisere undervisinga, slik at læring kan skje i fellesskapet for alle.

Lærande profesjonsfelleskap av dei tilsette i skulen er avgjerande for at utvikling skal skje. All styrt endring i ein organisasjon kjem av tilsette som samarbeider om læring, lærer sjølv og er innstilte på å lære av kvarandre.

Desse 4 fokusområda skal leggje grunnlaget for at utdanningsløpet skal ha kvalitet i alle ledd.

---

### 3.1. Trygt og godt læringsmiljø

Eit trygt, raust og støttande læringsmiljø er den viktigaste faktoren for ei god fagleg og sosial utvikling. Dette er forankra i § 9a i opplæringslova. Den handlar om elevane sin rett til eit trygt skulemiljø.

Ved skulane i Herøy skal føresette og elevar møte tydelege og omsorgsfulle vaksne. God og tillitsfull dialog er eit gjensidig ansvar. Føresette og elevar har også eit ansvar for å fremje helse, trivsel og læring for alle i skulen. Skulen vil kommunisere klart og skape gode relasjonar med heimane om felles ansvar, forventningar og rettar.

#### Slik skaper vi trygt læringsmiljø i skulane:

- Skulen arbeider systematisk med å ta i vare eit trygt og godt skulemiljø for alle i skulen, der elevane kan vekse og utvikle seg som menneske.
- Det er trygt å seie i frå når nokon blir krenka på skulen, i sosiale medium og spel, på nettet eller i fritida.
- Elevane kan stole på dei vaksne ved skulen sin, og kan fortelje korleis dei har det.
- Skulen har eit læringsmiljø prega av tillit og positivt samspel mellom elevar, tilsette og føresette.
- Skulen inviterer til samarbeid om eit godt læringsmiljø og elevane sitt beste.
- Føresette og andre fagmiljø som gir tenester til elevane, tek sjølvstendig initiativ og samarbeider om å sikre eit godt arbeids- og læringsmiljø.

### 3.2. Kreativitet og skaparlyst

Alle barn og unge har kreativitet og skaparlyst i seg. Det handlar om at alle får dyrke nysgjerrighet, kreativitet og skaparglede på den måten som passar kvar enkelt best.

Samfunnet endrar seg i eit tempo vi ikkje har sett maken til før, der yrke forsvinn og nye kjem til. Fiskeri og offshore har vore dei viktigaste inntektskjeldene i Herøy. Skulen må ta vare på Herøy sine sterke tradisjonar, samtidig som vi utviklar og skaper nye moglegheiter.

Endringsvilje og evne til å tileigne seg ny kompetanse raskt, er viktig for å lukkast i framtidig yrkesliv. Arbeidet i skulen skal bidra til utvikling av Herøysamfunnet, og sikre kommunen framtidig inntektsgrunnlag.



### **Slik legg vi til rette for kreativitet og skaparlyst:**

- Skulen legg til rette for arbeidsmåtar som er varierte, utforskande og kreative.
- Undervisninga stimulerer til undring, nysgjerrigheit og lyst til å lære gjennom leik, spanande problemstillingar og samarbeid.
- Skulen legg til rette for bruk av digitale verktøy, praktiske arbeidsmåtar og nye, kreative læringsarenaer.
- Føresette fylgjer opp og engasjerer seg i barna si utdanning frå skulestar og mot framtidig val av yrke.

### **3.3. Inkluderande undervisning**

Skulen skal arbeide for å utvikle eit inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle. Den enkelte elev skal oppleve å høyre til eit sosialt fellesskap med jamaldra. Opp- læringa skal vere tilpassa den enkelte sine evner og behov, slik at elevane lærer og utviklar seg både menneskeleg og fagleg.


I skulane i Herøy set vi pris på mangfaldet og ser ulikskap som ein ressurs. Elevane skal få medverke og ta medansvar i læringsfellesskapet dei deltek i.

Elevane skal få støtte og rettleiing i å setje seg mål, velje eigna framgangsmåtar og vurdere si eiga utvikling. Det skal vere god samanheng i læringa til elevane i dei ulike faga, og for at opp- læringa vert opplevd som overkomeleg og utfordrande nok.

Den pedagogiske praksisen i klassane skal legge opp til mest mogleg variasjon i arbeidsmetodar, for å møte behovet til elevane sitt mangfald. Individuelle tilpassingar skjer med utgangspunkt eller tilknytning til klassen sitt ordinære tilbod.

### **Slik skal vi skape inkluderande undervisning:**

- Elevar som treng tilrettelegging med lese og skriveteknologi, eller andre hjelpemiddel, skal få god opplæring i bruk av dette.
- Elevane blir høyrd og får medverke i opplæringa si.
- Skulen skal arbeide for at elevane skal få så god tilpassa opplæring som mogleg i klassen.
- Skulen skal legge til rette for samarbeid og kommunikasjon med heimen rundt elevane si opp- læring gjennom god undervegsvurdering.
- Skulen vil samarbeide tett med føresette sitt rådsorgan FAU.
- Skuleeigar og skuleleiing prioriterer korleis ein nyttar tid og ressursar.
- Kollegaer deler praksiserfaringar og hjelper kvarandre med utvikling av undervisningsopp- legg, rutinar og struktur.



---

### 3.4. Lærande profesjonsfelleskap

Herøyskulen skal vere eit lærande profesjonsfelleskap der leiing og tilsette kontinuerleg vurderer og utviklar sin praksis. Å kunne samarbeide og ta eit felles ansvar for elevane si læring, er viktig for elevane si faglege og sosiale utvikling.

Skulane si leiing skal gi retning, og legge til rette for lærarane si kompetanseutvikling. Skuleleiinga skal leie det pedagogiske og faglege samarbeidet mellom lærarane og bidra til å utvikle eit stabilt og positivt miljø der alle har lyst til å yte sitt beste.

#### Slik vil vi skape lærande profesjonsfelleskap:

- Skulen sine tilsette samarbeider godt for ei heilskapleg opplæring.
- Dei tilsette i Herøyskulen er opptekne av skuleutvikling og samarbeid for å legge til rette for god og framtidsretta opplæring.
- Fellesskapet reflekterer over verdiar og utviklingsbehov.
- Ein nyttar forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.
- Skuleeigar og skuleleiarar prioriterer utvikling og samarbeid.
- Tilsette i skulen opplever at andre profesjonar i kommunen er deltakande og aktive i laget rundt barna i kommunen.
- Herøysamfunnet prioriterer skule og utdanning.

---

## 4. Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling

### 4.1. Skulebasert vurdering

I kommunelova kapittel 25 står det at kommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter blir følgde. Skulen er ein del av denne internkontrollen og det skal jamnleg vurderast i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidreg til at elevane når måla som er fastsette i læreplanverket.

I opplæringslova § 13-3e, **Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling**, står det:

*«Kommunen og fylkeskommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret og fylkestinget.»*

Den skulebasert vurderinga er viktig for at skulane skal vere ein lærande organisasjon, gjennomføre endringar og sette i verk nødvendige tiltak for å auke måloppnåing hos elevane. Skulane i Herøy gjennomfører slik vurdering av resultat årleg, og det blir utarbeidd ein kvalitetsrapport for grunnskulen som blir lagt fram for kommunestyre kvart år i april/mai.

### 4.2. Utviklingsplanar

Skulane skal kvart år utarbeide utviklingsplanar med utgangspunkt i dei overordna strategiske måla for Herøyskulen. Skulane vel sine fokusområde og utarbeider mål, teikn på god praksis og tiltak for å nå måla. Arbeidet med måla i utviklingsplanen skal danne ein del av grunnlaget for den skulebaserte vurderinga omtalt under punkt 4.1.

### 4.3. Nettverksarbeid

Skulane i Herøy har lang og god erfaring med å arbeide i nettverk innad i skulen, i kommunen og saman med andre kommunar i ei rekkje satsingar. Eit typisk døme på slikt nettverksarbeid er arbeid med desentralisert ordning for skulebasert kompetanseutvikling i grunnskulen - Dekomp, der kommunane i Sjustjerna i samarbeid med høgskulen i Volda samarbeider om kollektiv kompetanseutvikling for å utvikle heile skulen. Frå 2020 har Herøy samarbeidd med kommunane Sande og Ulstein om ny leseplan. Dette arbeidet skal fortsette inn i 2024. For vidare arbeid innan Dekomp er kommunane i gang med å kartlegge behov for kompetanseløft innan spesial-



---

pedagogikk og inkluderande praksis i tråd med Meld.St. 21 «Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skulen. Planen er eit samarbeid i nettverk etter same samarbeidsform som tidlegare.

#### 4.4. Leiarutvikling

Leiarane i Barnehage, Grunnskule og PPT deltek i eit leiaropplæringsprogram i regi av Sjustjerna. I Herøy kommune samarbeider vi tett for å bygge eit godt, støttande og kompetent leiarlag i oppvekstsektoren. Leiarsamlingane i Sjustjerna vert følgd opp lokalt med mellomarbeid og førebuing.

Herøy kommune ved kommunedirektøren gjennomfører kvart semester leiaropplæringsøker innafor ulike tema der behova er meld inn frå organisasjonen.

Herøy kommune  
Rådhusgata 5  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

Framsidedfoto: Wenche Moltu  
Illustrasjonsfoto: Adobe Stock

